

## Johann Roppen

---

**Fra:** Johann Roppen  
**Sendt:** mandag 10. august 2020 10:25  
**Til:** ALLE-Campus  
**Emne:** NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 26/2020, 10. AUGUST

### **NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 26/2020, 10. AUGUST**

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [jr@hivolda.no](mailto:jr@hivolda.no).

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

### **STUDIESTART (1): FRI FLYT AV HANDSPRIT OG SÅPE**

Handsprit er i tillegg til vanleg handvask eitt av dei enklaste og mest effektive tiltaka for å hindre smittespreiing. Spritdispensarane i stativ vil vi etterfylle heile tida. Gi beskjed til drift@hivolda.no om det manglar sprit i ein spritdispenser (automat). I tillegg står mange flasker med handsprit utplassert mange stader på HVO. Drift har ikkje oversyn over desse eller ansvar for å plassere ut nye når det er tomt. Her må den som har plassert ut flasker syte for å erstatte med nye. Nye flasker får ein frå drift. Om det er tomt for tørkepapir eller såpe i dispensarane på toaletta så må drift få beskjed ved at du sender e-post til drift@hivolda.no.

### **STUDIESTART (2): "SOLIDARISK KARANTENE" FOR UTANLANDSFARANDE**

Kriseleiinga ved Høgskulen i Volda oppmodar tilsette som har vore til "grøne" land om å ta 10 dagers karantene etter at dei har kome heim. Dei som har vore i "raude" land må gjennomføre pålagt karantene i tråd med nasjonale reglar. [Les informasjon frå Folkehelseinstituttet 6. august.](#)

### **STUDIESTART (3): ANNLEIS, MEN TRYGG FADDERVEKE**

Fadderveka hausten 2020 blir svært annleis enn tradisjonelle fadderveker, både i Volda og på andre studiestader. Gruppene blir mindre, dei største fellesarrangementa blir nokså små og krev billett. Og mykje vil også skje på nett. Programmet blir også oppdatert på [Facebook-sida til Fadderveka](#). Sjå også [nettsidene til Fadderveka](#).

### **STUDIESTART OG SMITTEVERN (1) OPPDATERT SMITTEVERNRETTLEIAR**

Smittevernrettleiaren er obligatorisk pensum både for studentar - og tilsette på Høgskulen i Volda. Alle studentar får tilsendt lenke til smittevernrettleiaren før dei tek til på studiet. [Klikk og les deg gjennom smittevernrettleiaren vår](#). Og så må vi hjelpe kvarandre med å følgje den i kvardagen.

### **STUDIESTART OG SMITTEVERN (2) HVO OPPRETTAR SMITTEVERNPATRULJE**

Frå studiestart vil høgskulen drive aktivt smittevernarbeid ved å opprette ein "smittevernpatrulje". Tilsette vil informere studentar og andre om smittevernreglar og også observere og vurdere situasjonen i fellesområde som kantine og bibliotek for å kunne gi innspel til krisleiinga om det er naudsynt med nye tiltak. Tilsette vil få invitasjon til å ta økter i smittevernpatruljen.

### **STUDIESTART: LES MEIR-MAGASINET PÅ NETT**

Alle nye studentar på Høgskulen i Volda har fått tilsendt magasinet "Meir". Magasinet er tilgjengeleg på nett. [Les "Meir" på nett](#), så veit du kva studentane har fått av informasjon om høgskulen før dei møter opp frå 18. august.

### **UNDERVISNING PÅ IDRETTSBYGGET, UPPHEIM, ROKKEN - OG I ØRSTA**

Planlegginga for hausten har halde på stort sett i heile sommar. Som før meldt vil vi ha undervisning i Idrettsbygget delar av hausten. Det blir også undervisning på Rokken og i bedehuset Uppheim i Volda sentrum. Somme grupper vil også få undervisning i Ørsta. Slik det ser ut no vil dei aller fleste grupper med færre enn 25 studentar få tilnærma vanleg undervisning i klasserom frå og med veke 41.

### **NYE INNGANGSKORT (1) ALLE LÅSAR BLIR SKIFTA TIL STUDIESTART**

Det er eit storprosjekt å skifte kortlåsar i alle dører og på kopimaskinar, men om få dagar skal det meste vere gjort og dermed skal alt vere klart før studiestart.

### **NYE INNGANGSKORT (2) EIT LITE TRIKS**

Somme har problem med å få inngangskorta til å virke. Eit råd som hjelper for somme er at ein må halde kortet over kortlesaren også like ETTER at ein har tasta inn pin-koden.

### **NYE INNGANGSKORT (3) INFORMASJON OM MOBILAPP KJEM SNART**

Når alle kortlåsar er skifta ut vil det kome informasjon om mobilappen som kan brukast i staden for nøkkelkort. Dei første testbrukarane melder om at den fungerer fint.

### **NYE INNGANGSKORT (4) INFORMASJON OM NYTT UTSKRIFT/ KOPISYSTEM**

I løpet av veke 33 vil alle kopimaskinar få nye lesarar, slik at ein kan nytte det nye inngangskortet også her. Det betyr at det gamle inngangskortet med magnetstripe kan makulerast. IT kjem med meir informasjon om dette i neste veke.

### **ASFALTERING LIKE FØR STUDIESTART**

Vegen mellom Strøm/Aasen og Berte Kanutte-huset har vore stengd sidan før sommarferien på grunn av byggearbeidet. Vegen blir opna før studiestart, men først måndag 17. august blir vegen asfaltert. Det kan vere greitt å vite om at det er nylagt asfalt på høgskuleområdet i opningsveka.

### **JUNI-SOL GAV REKORDSTOR STRAUMPRODUKSJON I SOLCELLE-ANLEGGET**

I juni månad vart det sett rekord i straumproduksjonen på solcelleanlegget på HVO. Produksjonen kom opp i 21,7 MWh og det var første gongen produksjonen passerte 21 MWh for nokon einskildmånad. Det dårlege veret i mai og juli gjorde at straumproduksjonen var mindre desse to månadene samanlikna med tidlegare år. Solcelleanlegget starta opp i 2017. [Følg med på straumproduksjonen her](#).

### **PÅMINNING: MANGE LEDIGE STIPENDIATSTILLINGAR**

Høgskulen i Volda har lyst ut mange stipendiatstillingar med søknadsfrist i august og september. Stillingane er knytt til alle høgskulen sine fagområde. Les meir [om å ta doktorgrad i Volda](#). Følg med på ledige stillingar ved Høgskulen i Volda på [hivolda.no/stilling](http://hivolda.no/stilling).

### **PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!**

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert.

### **PUBLISERINGAR (2) TEIGE SKRIV OM SPIONASJE**

[Førsteamanuensis Ola Teige](#), ASH, har publisert ein artikkel om spionasje i Norge under Første verdenskrigen. Artikkelen heiter "[Intelligence and Espionage \(Norway\)](#)" og er utgitt i nettleksikonet "1914-1918-online. International Encyclopedia of the First World War".

### **PUBLISERINGAR (3) VALEN KLEIVE HAR ARTIKKEL I "JOURNAL OF CONTEMPORARY RELIGION"**

Førsteamanuensis Hildegunn Valen Kleive, AHL, har fått publisert artikkelen [Place, emotions and aesthetics: young Tamil Hindu religiosity in north-western Norway](#), i Journal of Contemporary Religion.

## MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2020

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

18.-19.8.2020: [Studiestart, studieåret 2020-2021](#)

10.9.2020: [Styremøte](#)

18.9.2020: [Forskningsdagane - Utdeling av FOU-prisen 2020](#)

1.-4.10.2020: [Animation Volda](#)

28.-29.10.2020: [Styreseminar og styremøte](#)

11.-12.11.2020: [Fjordkonferansen 2020](#), Loen

10.12.2020: [Styremøte](#)

## LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

## REKTORBLOGGEN

[Alle blogginnlegg](#)

## HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Nytt om bygging av nytt mediehus](#)

[Nytt om bygginga av Volda Campus Arena \(Volda kommune\)](#)

[Volda Campus Sparebank1 Arena: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Studentheimane på Heltne: Minutt-for-minutt-bilde](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

**Johann Roppen**

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

[www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)

